

## Teiknar framtida for Forlandsvågen

Ein kyststi som gjev tilgang for soling, bading og fiske frå land, skal gjere Forlandsvågen meir tilgjengeleg for ålmenta.

For å møte framtidig vekst i søre delen av Sund kommune, ønskjer grunneigarar og politikarar ei utvikling i Forlandsvågen. I samband med handsaminga av arealplanen for kommunen, vedtok Sund kommunestyre at det skal lagast ein områdeplan for Forlandsvågen.

Arbeidet vil starte opp i vår. Gode Sirkclar har vore ein pådrivar i det som har vore ein lang prosess fram til no. Det har vore ei utfordring å oppnå semje hjå grunneigarane. For å sikre at grunneigarane vert høyrte i utarbeidinga av planen, har dei etablert Ankerkjungen båtlag som vil vere deira representant i planarbeidet med kommunen.



Forlandsvågen med Loyal.  
Foto: Inger Elise J. Økland.

Førdesveten og omkringliggjande fjellområder er frå før godt utvikla med turstiar frå fleire av bygdene omkring. Dei fine sva-berga er lite tilgjengelege, og ein ønskjer å utvikle ein kyststi som gjev tilgang for soling, bading og fiske frå land. Ei sandstrand til heilårsbruk vil og koma til dømes skular, barnehagar og kajakkpadlarar til nytte.

## Inngår samarbeid med Drammen



Drammen. Foto: Line Steinsland Mosnes.

Kysteventyret skal bli eit destinasjons-selskap. Det skal reiselivssatsinga i Drammen òg. Slikt vert det samarbeid av.

Saman med Vest Næringsråd, vitja Kysteventyret Drammen 8. - 9. mars. Føremålet med studieturen var å hauste erfaringar frå ein region i same situasjon. I løpet av 2012 skal det etablerast eit selskap som skal drive Kysteventyret vidare.

- Vi vitja Rådet for Drammensregionen, dei gav oss ei interessant orientering om reiselivssatsinga. Det var svært nyttig å høyre kva erfaringar dei har gjort seg undervegs, vi slit med dei same utfordringane, seier prosjektleiar Line Steinsland Mosnes i Kysteventyret.

Ho legg til at det òg var svært aktuelt å sjå kva grep dei har gjort for å skape ei god byutvikling, grep som kan vere nyttige å ta med seg i utviklinga av Straume som kystby.

- Drammen var verkeleg verdt ei vitjing, dei har fått til mykje på kort tid. Næringslivet har vore svært aktivt med i mellom anna utsmykkinga av byen, seier ho.

Fleire av turdeltakarane hadde eigne program. Dei vitja verksemdar med aktivitetar som ligg nært opp til deira verksemd.

## Gode Sirkclar flyttar

Frå 1. april vil du ikkje lenger finne Gode Sirkclar i Bildøybakken. Ny besøksadresse vil vere Fjell Rådhus. Gode Sirkclar kjem òg til å nytte kontora og møteromma i kommunehusa i Sund og Øygarden ved behov.

### Tek reiselivsnæringa inn i nausta

Hordaland Fylkeskommune har gjeve 70.000 kroner til eit pilotprosjekt i Sund som tek sikte på å hjelpe nausteigarar til å etablere seg som utleigarar. – Vi skal utarbeide eit informasjonshefte med råd for korleis ein går fram for å få innpass i reiselivsmarknaden. Tanken er at heftet skal kunne nyttast av nausteigarar langs heile kysten, ikkje berre i Sund, seier prosjektleiar Kenneth Sangolt. Sund kommune bidreg økonomisk til pilotprosjektet. Det er ein «spinoff» av prosjektet «Ny næring i gamle bygg i strandsona», som er støtta av Fylkesmannen i Hordaland og Fylkeskommunen i Hordaland. Det skal realiserast 20 pilotar fordelt på kommunane som deltek: Sund, Austevoll, Bømlo og Radøy. Målet er å få til gode og praktiske ordningar for korleis gamle bygg i strandsona kan verta ein ny ressurs for næringsaktivitet, og resultera i nye retningsliner for framtidig planlegging og forvaltning av strandsona. Gode Sirkclar er ansvarleg for prosjektet.

## Imponert over satsinga på Skaganeset

Utviklinga av ei marin klynge og etablering av eit bioteknisk forskingssenter er eitt steg nærare realisering etter at Biomega opna sin nye fabrikk sist veke. – Biomega er ei framtidretta næring, det vil vi ha meir av, sa Fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen. Ho er svært imponert over satsinga på Skaganeset, som kan bli sentrum for den første bioteknologiske klynga på Vestlandet. Målet er å få etablert eit nasjonalt pilotsenter for teknologi og marin bioprosessering. Gode Sirkclar er sterkt involvert i dette arbeidet. Biomega doblar produksjonen med det som no er noregs største fabrikk for foredling av restråstoff av laks.



Fiskeriminister Lisbeth Berg-Hansen gratulerer dagleg leiar Ola Flesland i Biomega AS.  
Foto: Inger Elise J. Økland

## Sel Luftskipet

Det mobile kulturfartyet Luftskipet skal seljast. Det har styret i Gode Sirkclar vedteke. Fristen for å melde si interesse er sett til 29. mars. Det er knytt særlege vilkår til drifta frå Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. – Vi har blitt kontakta av fleire kjøparar som er interesserte i å overta Luftskipet, seier dagleg leiar Sigmund Kvernes i Gode Sirkclar.